



**Sogn og Fjordane
Raud Valallianse**

Førde/Høyanger, 21.2.07

Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep.

0030 OSLO

Høyringsfråsegn om EU sitt tenestedirektiv

Sogn og Fjordane Raud Valallianse krev at regjeringa tek i bruk reservasjonsretten mot EU sitt tenestedirektiv.

Vi grunngjev dette med å syne til vedtaket frå LO Sogn og Fjordane sin konferanse i nov. 2006 der det heiter at:

Føremålet med EUs tenestedirektiv er å gjere det enklare å selje tenester over landegrensene. Friare flyt og auka konkurranse på den europeiske tenestemarknaden vil få store konsekvensar for store arbeidstakargrupper. Det vil bli eit sterkt press på arbeidskostnadane (løns-, arbeids- og pensjonsvilkår) i konkurransen om tenesteoppdrag. Det selskapet som kan underby dei andre vil ha fordel i konkurransen, og meir sosial dumping blir resultatet.

Tenestedirektivet rammar i første rekkje bransjane innafor privat tenesteyting; bransjar der organiseringsgraden er liten og tariffavtalane er få. Her finn ein dei mest sårbare gruppene av arbeidstakarar, og her er sosial dumping mest utbreidd frå før. Tenestedirektivet gjer i tillegg fleire eksisterande og føreslåtte tiltak mot sosial dumping umogleg.

LO Sogn og Fjordane vil rå frå at sentrale styresmakter i praksis vedtek ei lov som undergrev rettar som er kjempa fram gjennom mange tiårs kamp. Derfor ber vi om at regjeringa bruker reservasjonsretten i EØS-avtalen for å hindre at Norge implementerer tenestedirektivet.

Denne vurderinga stiller Sogn og Fjordane RV seg bak.

Med helsing
SOGN OG FJORDANE RAUD VALALLIANSE

Einar Rysjedal
skrivar

Per Bj. Ørjansen
leiar (sign.)

Sogn og Fjordane Raud Valallianse
v/ Per Bj. Ørjansen
Midtåstunet 3

Tlf. priv.: 57 82 34 07
Tlf. arb.: 57 82 50 70
Mob.tlf.: 90 59 45 93

6800 FØRDE I SUNNFJORD

E.post: per.bj.orjansen@bufetat.no
Heimeside: <http://sogn.og.fjordane.rv.no/>